



Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep.

0032 OSLO

02.10.07

HØYRINGSFRÅSEGN

”Formål for framtida – Formål for barnehagen og opplæringen”

Ein viser til utgreiinga: NOU 2007:6 Formål for framtida og høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet, dagsett 19.06.07

På bakgrunn av store endringar både i samfunn, barnehage og skule, meiner Landslaget for nærmiljøskulen (LUF S) at det er heilt nødvendig med gjennomgang og fornying av formålsparagrafane.

LUF S deler kommentarane sine i to:

I: Kommentrar og synspunkt på sentrale perspektiv i utvalet sine framlegg

II: Kommentrar til framlegga til formålsparagrafar.

I: Kommentrar og synspunkt på sentrale perspektiv i utvalet sine framlegg

LUF S vil her avgrense seg til å uttale seg om kp.4, 5 og 6 i NOU 2007:6.

Kp.4 tek føre seg samfunnsutviklinga, og LUF S sluttar seg i hovudtrekk til utvalet sine utgreiingar og er særleg positiv til at ”Miljøutfordringen” og ”Medier og teknologi den globale utfordringen” er framheva med eigne utgreiingar i punkt 4.7 og 4.8.

LUF S er samd med utvalet i at barnehage, skule og lærebedrift ikkje berre skal påverkast av det som skjer, men sjølv vere med å påverke livsvilkår og samfunnsutvikling både i og utafor Noreg. LUF S meiner dette er for generelt. Skal det kunne gjerast noko på dette området må desse institusjonane samarbeide nært med heimane og lokalsamfunnet. Barna og ungdommane kan lære mykje i lokalsamfunnet og skal dei vere med å påverke noko, må det i første omgang skje lokalt i nærmiljøet. Noko anna vil vere meningslaust. Dette må også komme til uttrykk i formålsparagrafen/ane

Når det gjeld kp.5 og 6. har LUF S ingen innvendingar mot det som står der, men meiner at eit viktig perspektiv manglar: Barnehage og skule organisert som oppvekstsenter.

Nokre fakta om oppvekstsenter:

Oppvekstsenter med samarbeid mellom barnehage og skule
Eit oppvekstsenter er eit heilskapstilbod til alle barn i bygda frå dei er eitt til dei er tretten (seksten) år. Oppvekstsenteret kan ha frå nokre få til svært mange funksjonar. Som minimum må oppvekstsenteret omfatte barnehage og grunnskule. Til vanleg er dei under same tak og same leiing. Skulefritidsordning inngår som regel i oppvekstsenteret. Folkebibliotek, kulturskule og samarbeid med lag og organisasjonar i bygda vil utvide og gjere læringsmiljøet på oppvekstsenteret rikare og meir allsidig. Det same vil entreprenørskap og elevbedrift. Di fleire funksjonar oppvekstsenteret omfattar, di betre vil det vere både for borna og bygda.

I bygder med små elevgrupper både i barnehagen og skulen blir oppvekstsenter meir og meir vanleg (dessverre finst det ingen offisiell statistikk) og oppvekstsentra kan bidra til at banda mellom barnehagen blir sterke og dei gjer at det blir viktig med eit felles verdigrunnlag for barnehage og skule. Det er i praksis i mange bygder mykje tettare band mellom barnehage og grunnskule enn mellom grunnskule og vidaregåande opplæring. LUFSS meiner dette inneber at tida er inne til å samle formåla for barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring i ein paragraf.

II: Kommenterar til framlegga til formålsparagrafar.

Som ein konsekvens av kommentarane ovafor kjem LUFSS med følgjande framlegg til endringar.

1. Felles formålsparagraf for barnehage, skule og lærebedrift.

Barnehagen er i dag eit pedagogisk tilbod til dei fleste barn i alderen eitt fem år, og legg grunnlaget for livslang opplæring. Ein felles formålsparagraf vil medverke til større heilskap og samanheng i opplæringa til barn og unge og vil lette overgangen mellom dei ulike nivåa.

2. Heimen sitt ansvar for barna må styrkast.

Dette kan gjerast ved at den felles formålsparagrafen får den innleiinga som i framlegget for barnehagen: ” barnehage og skule skal i forståing og samarbeid med heimen”. Då blir samarbeidet i skule styrka både ved at ein tek inn begrepet **forståing**, og ved at samarbeidet med heimen blir flytta fram og ikkje blir ei setning som i framlegget for skule kjem som eit vedheng til slutt.

3. Nærmiljøet som arena for læring og utvikling på fleire område må innarbeidast

Viktige prinsipp i den generelle delen i Kunnskapsløftet: ” Skolen skal vere aktiv som ressurs-, kraft- og kultursenter for lokalsamfunnet, der det knyttes nærmere kontakter, ikkje bare mellom voksne og unge, men også til lokalt arbeids- og næringsliv ” og i Læringsplakaten: ”Skolen skal legge til rette for at lokalsamfunnet blir involvert i opplæringa på en meningsfull måte” , vil på den måten bli styrka

Med helsing
Kristoffer Melheim
-pedagogisk rådgjevar-

Brite Kandal
- leiar -

LUFSS - Landslaget for nærmiljøskolen

Org.nr. 881 203 812

Rådgjevar Kristoffer Melheim 6873 Marifjora

Telefon : 57 687370

kristoffer.melheim@lufs.no